

Årsmelding 2018 Moster sokneråd



* Samansetjing av soknerådet 2018

Leiar: Rune Sivertsen.
Nestleiar: Gunnvald Bjotveit
Kasserar: Inger Marie Gjerde
Skrivar: Per Harald Gjerde
Medlem: Mona Ingvaldsen Hodne
Elin Taranger
Sokneprest: Aksel Lygre

Vararepresentantar:

Sigurd Totland, Magnhild Nøstbakken, Berit Landmark, Bente Røyrvik.

* Saker i soknerådet:

Soknerådet har hatt 12 møte og handsama i alt 104 saker. På eitt av møta har me fellesmøte for sokneråd og tilsette i soknet. Soknerådsmøta vert haldne i kyrkja. Det er blitt arbeidd spesielt med desse sakene og oppgåvene i 2018:

- Planlegging og gjennomføring av 6 kveldssamlingar med variert oppslutting
- Arbeid med oppussing av preikestol og tekstilar til lesepult og preikestol
- Gudstenestene – gjennom oppstart av bønnesamlingar i forkant, med meir
- Invitasjon til cellegrupper
- Gjennomføring av konfirmantfest i samarbeid med Salem/Håvik bedehus
- Orgelkomité for å få nytt orgel innan 2024
- Svar på høyring om ny kyrkjeordning
- Betra kvalitet på lyd og bilete i gudstenesta
- Kyrkjelydsseminar om å kjenna seg heime med prost Svein Arne Theodorsen

* Frivillige medarbeidarar

I Moster kyrkje er det omlag 125 frivillige medarbeidarar med viktige funksjonar og oppgåver – kyrkjevertar, nattverdsmedhjelparar, klokkarar, personar med ansvar for lyd- og bilete, medlemmer i ulike nemnder og utval/komitear, vaksenleiarar og hjelparar i trusopplæringstiltak osb. Kyrkjelyd og sokneråd er svært takksame for alle desse gode og trufaste medarbeidarane.

*** Økonomi**

I takkoffer er det samla inn kr 54 396 til generelt kyrkjelydsarbeidet. I tillegg er det gjeve kr 23 452, til diakoniarbeidarstillinga og kr 15 894 til kyrkjemusikalsk arbeid. I alt er det såleis gjeve kr 93 742 til arbeid i Moster kyrkjelyd. Til ulike eksterne organisasjonar er det gjeve kr 119 867 i takkoffer. Fasteaksjonen vart gjennomført med involvering av konfirmentar og foreldre. Kr 18 316, vart sendt til Kirkens Nødhjelp. I november og desember 2018 vart det delt ut giroar til alle husstandar i Moster sokn. Det kom inn kr 27 050, som skal gå til mellom anna fornying av preikestoltopp, preikestol - og lesepultklede i liturgiske fargar, materiell og utstyr til ulike trusopplæringsprosjekt, orgel osv.

I 2018 er det oppretta ein " orgel" konto i Sparebanken Vest. PR. 31.12.2018 er det kome inn kr 108 119, som skal gå til investering av nytt orgel i Moster kyrkje.

*** Trusopplæring og barne- og ungdomsarbeid**

Trusopplæringsutvalet jobbar utifrå vedteken trusopplæringsplan vedtatt i 2014, men med endringar undervegs. Medlemer i utvalet for perioden 2016– 2019: Bjørg Borgemyr, Nina H. Notland og Rune Sivertsen. Kyrkjelydspedagog Sissel J. Våge frå staben vårsemesteret, frå hausten 2018 kyrkjelydspedagog Marta Havn, Sokneprest Aksel Lygre er og nokre gonger med på utvalsmøta.

Utvalet har arbeidd med desse sakene:

Tru:D 1 Myldrekveld

Tru:D 3 Krøllekveld

Tru:D 4 Utdeling av 4-årsbok

Tru:D: 6 Skulestartmarkering - Utdeling av Barnebibel

Tru:D 8 Aktivitetsdag

Tru:D:7 Påskedramagudsteneste

Tru:D 9 Supersamling - januar

Tru:D 9 Tårnagenthelg

Tru:D 10 Jubileum for dåp

Tru:D 11 LysVaken

Tru:D 15 Konfirmentarbeidet.

Saman med konfirmentar frå andre kyrkjelydar gjekk dei fleste frå Moster og såg «I can only imagine» på kino.

Tur til London for 17- og 18-åringar vart og gjennomført, men med lite deltaking frå Moster sokn.

Påskevandring og undreturar med barnehagar må også nemnast.

For at tiltaka innan trusopplæring skal bli noko meir enn hendingar, er det viktig med samarbeid mellom kyrkja og bedehusa. Dette skjer gjennom Babysong, opplysning om bedehusa sine aktiviteter i kyrkja, under trusopplæringstiltaka, og ved å minna om myldredag og søndagsskule i dåps-samtalar.

Konfirmentane vert oppmoda om å delta i AKTIV.

Det er behov for fleire frivillige medarbeidarar på dei ulike tiltaka.

*** Gudstenestelivet**

Forkynninga av Guds ord er og skal vera ei hovudsak i kyrkja.

Målsetjinga er å gjera samlingane inkluderande for både born og vaksne slik at kyrkjelyden veks. Barnekroken er framleis eit vellukka tiltak, men kan ikkje stå åleine. 2 gudstenester både til konfirmasjon og på julafta fører til at fleire får delta på desse merkedagane. Og i 2018 har det vore gudstenestesamlingar i Moster Amfi 17.mai og i samband med festivalhelg for Moster amfi. Arbeidet med å få opp gudstenestedeltakinga, både talet på frammøtte og involvering, må framleis vera viktig.

Faktaopplysningar

(Tabelloppsett er utdrag av "Årsstatistikk for Den norske kyrkja!")

	2017	2018
Gudstenester på søndagar/heilagdag	30	36
Deltakarar på gudstenester søndagar/heilagdag	5433	5576
Gj.snitt deltakarar på gudstenester sønd./heilagd	181	155
Andre gudstenester	34	30
Døypte	17	25
Konfirmerte	23	20
Vigsel	5	3 (+ 1 forbøn)
Gravferder	9	18
Innmeldingar/utmeldingar	0/7	0/2

* Kyrkjemusikalsk arbeid

Det kyrkjemusikalske arbeidet går først og framst føre seg på gudstenestene og i dei kyrkjelege handlingane. Ein nemner særleg

- følgjande gudstenester, der kyrkjekoret deltok særskilt:

- Country-gudsteneste 28 jan med Knut Inge Røen, Egil Skjelnes og lokale musikere
- 1 Påskedag i Moster kyrkje
- 2 Pinsedag i Moster kyrkje
- Gudstjeneste i Moster amfi 3 juni med Bremnes kantori og Bømlø janitsjar
- Gregoriansk høgmesse i Moster gamle kyrkje olsokdagen (deler av koret deltok i prosjektkor denne dagen)
- Helgemesse 4 nov i Moster kyrkje
- 1 Juledag i Moster kyrkje

- ekstra musikkrefter utover kantor og ev kyrkjekor på, konfirmasjonar 12 og 13 mai (Eirin Nordvik, trompet), 17 mai i Moster amfi (korps), julaftan (blåsarar frå Moster skulekorps) og 1 juledag (Anna Nøstbakken, kornett).

- Aftansong og orgelmeditasjon i Moster kyrkje to gonger.

Ut over dette har ein i 2018 arrangert:

- Songkveld i Moster kyrkje 8 april (Gospelsanger frå Elvis Presleys repertoar, m Knut Inge Røen som solist)
- Songkveld i Moster kyrkje 16 sep (Syng med – kjente og kjære salmer og sanger).
- Julekonsert i Moster kyrkje 16 des med Moster skulekorps, Moster kyrkjekor, Bømlø kyrkjekor, songsolist Steffen Sortland og lokale solistar.
- Kyrkja vart dessutan nytta til konsert med familien Habbestad 4 august.

Medlemmer av kyrkjekoret deltek på dei fleste gudstenestene som forsongarar. Koret har hatt 22 ordinære øvingar i 2018. Det hadde ved årsskiftet 15 aktive medlemmer.

Moster kyrkjekor samarbeider regelmessig med Bømlo kyrkjekor, høvesvis med felles øving i Lykling kyrkje. Koret var i 2018 to gonger på Moster alderspensjonat med song og andakt.

Moster sokneråds kyrkjemusikalske utval har i 2018 bestått av Inger Marie Gjerde frå soknerådet, Olav Kvarven frå kyrkjekoret og Øystein Skullerud. Utvalet hadde eit møte i 2018, og har utover det diskutert kyrkjemusikalske saker etter kvart som dei har dukka opp.

Orgelet lar seg ikkje reparere. I 2018 kom orgelkomiteen i gang med sitt arbeid for å skaffe Moster kyrkje nytt orgel. Framdriftsplan og økonomiplan er utarbeidd. Arbeidet med å finna type orgel er kome i gong.

Pianoet blei stemt i august 2018 av Inge Håvard Habbestad som vederlag for lån av kyrkja til konsert (sjå ovanfor).

Sjå elles soknerådets årsrekneskap og årsrapport for Moster kyrkjekor.

* **Diakoniarbeid**

Diakoninemnda for Moster sokn 2016-2019.

Magnhild Nøstbakken, Bente Røyrvik, Berit Laila Ersland, Anne Britt Grindheim, Bente Sissel Johannessen. I tillegg er Diakonimedarbeidar Sissel F. Våge med på møta

Diakoninemnda har i 2017 hatt 3 styremøte i kyrkja og 2 styremøte på servicesenteret, i forkant av arrangement.

I løpet av 2017 er det arrangert 3 treff på servicesenteret, Moster. Treffa er kalla «Drøsen» og er meint for personar som synes dei er mykje aleine og som ynskjer ein treffstad for sosialt samvær med likesinna.

Diakoninemnda arrangerte 15/6, tur for eldre til Fjørsilkebris i Tysvær. Turen gjekk med buss fra Gassasundet. Nemnda har gått med blom til personer som fylte 80 eller 90 år, og til personer som mista nære i løpet av året.

Diakoninemnda fungerer som besøksvenn til personer som via diakonen har uttrykt ynskje om det, i tillegg til andre besøksvenner.

Medlemmer i nemnda var deltakarar i minnegudsteneste for pårørande til avlidne i 2017. Gudstenesta var 4 november.

Diakoninemnda arbeider med prosjekt om utanforskap. Det er satt opp ei gruppe som jobbar med saka, i lag med dei andre diakoninemndene i kommunen.

Det har og vore tilbod om sorggruppe, samlivskurs og pilegrimstur i Sunnhordland.

Saker som blir vidareført i 2018 er:

- Blomebesøk til Jubilarantar.
- Temakveld 19/4 -18, angående diakoni i dagens samfunn.
- Vidareføring av «Drøsen»
- Seminar om utanforskap i samarbeid med dei andre diakoninemndene i kommunen, våren 2018.

* **Samarbeid med bedehusa i Moster-Håvik og dei andre kyrkjesokna**

I god tradisjon har samordningsmøta med bedehusa i soknet halde fram. Halvårlege møter med samtale og informasjon om arrangement for å unngå kollisjonar er sjølvsagt viktig, men det er og ynskjeleg å få til konkrete samarbeidsprosjekt. Elles samarbeider ein godt om konfirmantfest og ungdomsarbeid. Myldredag og Aktiv på Salem og strikkekafe og barnelag i Håvik er lågterskeltilbod som er viktige å oppretthalde og som

treng både fleire frivillige og besøkande. Relasjonsbygging er ein viktig faktor når me vil styrkja arbeidet vårt i soknet mellom anna gjennom bibelgrupper.

I høve til dei andre sokna held me og fram som før med felles gudstenester, diakonitiltak og arbeid i felles nemnder og utval. Mellom anna er 17. mai-gudstenesta eit vel fungerande samarbeidsprosjekt med Sion, og soknepresten underviser også på ungdomskveldane på Sion innimellom.

* **Estlandskomiteen og samarbeidet med venskapskyrkjelyden**

Me viser til eiga årsmelding, eigen rekneskap og budsjett for dette arbeidet. Vår representant i Estlandskomiteen er framleis Gunnvald Bjotveit. Aksel Lygre er fellesrådet sin representant for prestane i Bømlø.

Her nemner me kort at trange kår i det estiske samfunnet gjer at me brukar ein del på å støtta Sangaste kyrkjelyd sitt diakonale arbeid.

* **Oppsummering av innsatsområde og målsettingar 2018**

Innsatsområde/ målsetting for 2018	Status pr 31.12.18
Opprusting av preikestol og tekstilar i liturgiske fargar til preikestol og lesepult	Godkjenning frå biskopen forseinka, men kom i november. Arbeidet godt i gong, ferdig innan sommaren 2019.
Diakoniarbeidet i soknet	Drøsen fungerer godt. Temakveld om utanforskap gjennomført. Innføring av faste temakveldar med diakoniutvalet.
Auka eigarskap, deltaking og frammøte ved varierte gudstenester	Musikalsk variasjon gjennomført. Familiegudstenester/ trusopplæringsgudstenester. Oppstart av bønemøte før gudstenesta. Kyrkjelyden vert jamleg minna om å invitera folk med. Start av cellegrupper.
Iverksetja nye trusopplæringstiltak ut frå vedteken plan.	Tur til London for 17 + 18-åringar. Moster litt i etterkant med nokre tiltak.
Kvalitetssikra lyd- og biletfunksjonen i kyrkja – det trengs fleire medarbeidarar. Det trengs fleire mikrofonar til ulike arrangement.	Mikrofonar kjøpt. Medarbeidarar trengst framleis. Kurs ikkje gjennomført. Ulike tiltak for kvalitetssikring. Ny PC med ekstra skjerm installert.
Orgelkomité for nytt orgel innan 2024	Fellesrådet har oppretta orgelkomité. Komiteen er godt i gong med sitt arbeid.

* **Innsatsområde og målsettingar 2019**

Moster sokneråd meiner at fylgjande innsatsområde og målsettingar må prioriterast i 2019:

* Gjennomføring av val av nytt sokneråd og andre kyrkjelege val

* Diakoniarbeid i soknet – KONKRET?

* Auka eigarskap til gudstenesta slik at deltaking, særleg frå ungdom, og frammøte ved varierte gudstenester går framgjennom styrking av bønetenesta, invitera folk med, invitera folk inn i konkrete oppgåver og sjå og inkludera folk

‘ Få i gong cellegrupper

* Kvalitetssikra lyd- og biletfunksjonen i kyrkja – det trengs fleire medarbeidarar. Me vil arrangera kurs både med tanke på rekruttering og heving av kvalitet.

* Setja i verk nye trusopplæringstiltak ut frå vedteken plan – TRUD16, konfirmantreunion, halda fram med tur til London.

Årsmeldinga vart vedteken i Moster sokneråd 19.februar 2018

Elin Taranger	Rune Sivertsen	Gunnvald Bjotveit	Inger Marie Gjerde
Mona I Hodne	Per Harald Gjerde	Sigurd Totland	Magnhild Nøstbakken
Aksel Lygre			